



## Referat

**Drøfting av:** Organisasjonsplan og bemanningsplan for nye Ålesund kommune  
**Møtestad:** Nye Ålesund, Kremmergården, Ålesund  
**Dato:** 13. februar 2018  
**Tid:** Kl. 0900-1215  
**Møteleiar:** Astrid Eidsvik

**Deltakarar frå Nye Ålesund kommune:** Astrid Eidsvik, Bente Glomset Vikhagen, Reiten, Magne Øvre Karlsen

**Deltakarar frå arbeidstakarorganisasjonar og verneteneste:** Randi Alvestad, Harald Sten Hatlen, Ann Cathrin Nyhammer, Haldor Lillebø, Frank Harneshaug, Laila Alvestad, Stein Inge Skogen, Linn Jenny Morsund, Geir Lorentzen, Stig Meisal, Tove Kristensen, Ramona A Arnesen Pilskog, Michael Werner, Martha Trones, Frode Nordstrand, Jann Ove Ertresvåg, Hanne Tønning, Kristin Nonsvik, Lars Rindal

## Saksliste

1. Drøfting av forslag til organisering av stabsområda. Som grunnlag for drøftingsmøtet låg dokumentet «Forslag til drøfting 6. februar 2019: Organisasjonsplan for 6 kommunalområder og 4 stabsområder». Dei seks første områda vart drøfta i møte 6. februar, og det er skriva eige referat frå dette møtet.
2. Bemanningsplanar. Som grunnlag for drøfting låg føre forslag til bemanningsplan for 6 kommunalområde, 4 stabsområde og 3 andre stabsavdelingar.
3. Orientering om arbeid med å organisere kommunale føretak.

## Generelt

Laila Alvestad viste til førre drøftingsmøte, og sa ho ønsker å presisere at ho er bekymra for organisering av barnehagane. Ho stilte spørsmål ved om det kan bli overtalige i barnehagane når det skal opprettast stillingar som verksemdsleiarar. Haldor Lillebø stilte spørsmål ved kor frivilligsentralane skal organiserast.

Astrid Eidsvik sa at noko av spørsmåla om barnehagane vart diskutert i førre møte, men at spørsmåla var notert. Frivilligsentralane er tenkt organisert i kommunalområde Kultur og medborgarskap, i avdeling Innbyggartorg.

## **1. Organisasjonsplan**

### **Organisasjonsplan stabsområde Økonomi og verksemdsstyring**

Det blei peika på ein liten skrivefeil, men ut over dette var det ingen som hadde kommentarar til forslaget.

### **Organisasjonsplan stabsområde Personal og organisasjon**

Haldor Lillebø stilte spørsmål om dette stabsområdet også skal tene dei kommunale føretaka.

Astrid Eidsvik sa at ho legg til grunn at dei kommunale føretaka bør ha same personalpolitikk som kommunen elles, og at dei skal ha tenester frå dei felles stabsområda.

### **Organisasjonsplan stabsområde Teknologi og innovasjon**

Frode Nordstrand viste til at Dokumentsenter og IKT Drift har meldt inn behov for auka stillingsressursar, og at han var bekymra for om dei vil kunne yte gode nok tenestar til brukarane sine.

Astrid Eidsvik sa at spørsmål om styrking av tenester i form av auka stillingsressursar er eit tema som må handterast gjennom ordinære budsjettprosessar.

### **Organisasjonsplan stabsområde Strategi, samfunn og næringsutvikling**

Halldor Lillebø og Martha Trones ga uttrykk for ei otte knytt til beredskapsarbeid i «landkommunane», og sa at lokalkunnskap er viktig i akuttsituasjonar.

Astrid Eidsvik sa at ein må organisere sjølve arbeidet knytt til beredskap slik at ein sikrar lokal kunnskap, men at ho ikkje oppfattar dette som forslag om ei anna organisatoriske plassering av funksjonen som beredskapssjef.

## **2. Bemanningsplanar:**

Roar Reiten innleia med å si at det er sendt ut forslag til bemanningsplanar som i hovudsak inneheld leiarstillingar og stillingar i stab. Det er planlagt å gjennomføre kartleggings- og omstillingssamtalar med aktuelle tilsette om desse stillingane, alternativt gå til direkte plassering dersom stillinga skal vidareførast med mindre eller ingen endringar.

No er det altså bemanningsplanar som vert lagt fram til drøfting. I eit nytt drøftingsmøte 22. februar planlegg ein å legge fram forslag om utvalskretsar og kriterier for omstilling til drøfting med dei tillitsvalde.

Hanne Tønning viste til eit drøftingsmøte i oktober om stillingsstruktur, og etterlyste referat frå drøftingsmøtet. Haldor Lillebø ga uttrykk for at ein ikkje måtte tenke for trøngt om leiarstillingar i kommunalområde Miljø, by- og stadutvikling, og at leiarane får delegert den mynden dei treng for å gjere ein god jobb.

Astrid Eidsvik sa at det føreligg referat frå drøftingsmøtet i oktober, og at ho vil sjekke ut om det er sendt alle møtedeltakarane.

### **Bemanningsplan Helse og omsorg**

Frank Harneshaug ga uttrykk for at han gjerne skulle sett at planane var meir detaljert om storleiken på avdelingane. Martha Trones ga uttrykk for at ho gjerne såg at avdelingane vart mindre, og at ein fekk ein leiarstruktur meir lik kommunalområde Opplæring. Ho ga også uttrykk for at kompetansekravet til leiarar i verksemd Aktivisering og velferd bør vere fysio- eller ergoterapeut, og at det bør vere fleire fagleiarar i verksemda. Frank Harneshaug stilte spørsmål ved om det er riktig å framheve ein form for helse- og sosialfagleg kompetanse føre nokon annan. Laila Alvestad ga uttrykk for at avdelingane i verksemd Sandøy og Nordøyane omsorgsdistrikt i snitt er like store som andre avdelingar, og ga uttrykk for at avdelingsleiarstillingane også her bør vere 100 % stilling.

Astrid Eidsvik sa at ein ikkje har alle detaljar om alle avdelingar klare på dette stadiet, men at detaljane sakte men sikkert vil bli meir klar ettersom prosessen gjeng fram. Ein må no ta utgangspunkt i materialet som ligg føre, og arbeide med å få innplassert leiar- og stabsstillingar i første omgang. Ho viste til at vi no står føre ei verksemdsoverdraging, der allereie tilsette skal innplasserast på nytt. Kompetanekrava må være konkrete, men ikkje ekskluderande på ein utilsikta måte. Det er difor nytta omgrep som «relevant fagkrets». Elles vil ho sjekke ut nærare kva som er lagt til grunn for dei to avdelingsleiarstillingane i verksemd Sandøy og Nordøyane omsorgsdistrikt.

### **Bemanningsplan Velferd og sysselsetting**

Hanne Tønning ga uttrykk for at ho var bekymra for store avdelingar, og at dei er større enn i kommunalområde Opplæring.

Astrid Eidsvik sa at spørsmål om styrking av tenester i forma av auka stillingsressursar er eit tema som må handterast gjennom ordinære budsjettprosessar.

### **Bemanningsplan Barn, familie og integrering**

Martha Trones ga uttrykk for at det bør vere fleire fagleiarar i verksemd Helsestasjon. Frank Harneshaug sa at det bør vere fleire arbeidsleiarar i verksemd Integrering, og han meiner det bør vere geografisk organiserte arbeidslag. Jann Ove Ertresvåg sa at stillingane knytt til grunnskoleteamet og alternativ opplæring arbeidar etter krava i opplæringslova, og bad om ryddige prosessar på dette området.

Bente Vikhagen sa at ein no tek stilling til ein bemanningsplan med leiarstillingar i verksemd Integrering, men at bemanningsplanen ikkje handlar om oppmøtestad for dei tilsette. Ho

viste til at fleire av kommunane har gode løysningar på dette, og at ho har god tro på at ein vil finne gode løysingar på dette i nye Ålesund også.

### **Bemanningsplan felles fagstab for Koordinering og tildeling**

Linn Jenny Morsund viste til høyringsuttaler om dette området, og stilte spørsmål om organiseringa skal vere lik den som Ålesund kommune har i dag.

Astrid Eidsvik sa planane er å utvikle tenestane vidare, og at tenesta skal ha tett dialog med leiarane i verksemdene. Men det er vektige faglige argument for å ha ei slik eining, knytt til å etablere ein lik praksis for vedtak om tenester i heile kommunen. Det er også eit krav om vedtak for mange tenester innan psykisk helse og rus, og for å ivareta lovkrava er det gode argument for å organisere oppgåvene i ei slik avdeling.

### **Bemanningsplan felles fagstab for Fag og forvaltning**

Ann Cathrin Nyhammer ga uttrykk for at store verksemdar innan butenester også bør ha stabsressursar.

Astrid Eidsvik sa at ho føresett godt samarbeid og gode arbeidsmetodar mellom stab og verksemdar. For dei oppgåvene som skal løysast på kommunenivå og ikkje i den einskilde verksemd, er det likevel naturleg å organisere stillingsressursane i en felles stab.

### **Bemanningsplan Opplæring**

Jann Ove Ertresvåg ga uttrykk for at kvalifikasjonskrava til leiarar i kommunalområde Oppvekst bør harmoniserast meir lik dei andre bemanningsplanane, t.d. «minimum 3-årig relevant pedagogisk utdanning».

### **Bemanningsplan Kultur og medborgarskap**

Hanne Tonning ga uttrykk for at kompetansekrava til fagleiarar bibliotek bør vere bibliotekarutdanning. Ho stilte også spørsmål ved om det er nok med ein avdelingsleiar for svømmehall og idrettsanlegg. Frode Nordstrand stilte spørsmål ved korleis kulturhusa i kommunen skal bemannast, og om forslaget inneber å ta stillingsressursar frå dagens kulturhus. Han stilte også spørsmål ved den organisatoriske plasseringa av barnerepresentanten i stabsområde Strategi, samfunn og næringsutvikling.

Astrid Eidsvik sa at ho tek dette som bekymringsmeldingar, men at ho legg til grunn at det ikkje ligg nokon radikale endringar i korleis kulturhusa blir drive i dag. Ho sa også at ein barnerepresentant skal arbeide på tvers i organisasjonen, og at det òg handlar mykje om plan. Stabsområde Strategi, samfunn og næringsutvikling er såleis ei meir naturleg organisering enn Kultur og medborgarskap.

## **Bemanningsplan Miljø, By- og stabsutvikling**

Halldor Lillebø ga uttrykk for at leiarstrukturen er for trong, og at dei føreslåtte stillingane som avdelingsleiar i staden bør vere verksemdsleiarar. Han ga vidare uttrykk for at det vil vere meir i tråd med organiseringa i kommunalområde Opplæring. Han sa også at dei føreslåtte stillingane som driftsleiar bør vere avdelingsleiarar. Kristin Nonsvik stilte spørsmål ved at kvalifikasjonskrava for nokre stillingar inneheld krav til personlege eigenskaper, men ikkje alle stillingar.

Bente Vikhagen sa at ein legg til grunn at dei føreslåtte avdelingsleiarstillingane kan få delegert mynde på individuell basis der det er tenlig, og at ein vil sjå nærare på å harmonisere kvalifikasjonskrava for samanliknbare stillingar.

## **Bemanningsplan for stabsområda og dei andre stabsavdelingane**

Fleire viste til litt ulike formuleringar på kompetansekrava for rådgjevarstillingar. Hanne Tønning ga uttrykk for at det bør lagast ein ny stillingskode for jurist.

Roar Reiten sa at han vil gå gjennom og harmonisere ord og omgrep i kompetansekrava til rådgjevarstillingar. Han viste til Hovudtariffavtalens formuleringar om bruk av stilling som rådgjevar, og at den som hovudregel skal nyttast for stillingar med krav om høgare akademisk utdanning eller utdanning tilsvarande plassering i ein av dei andre stillingskodane i kap. 5. Kompetansekrava må reflektere dette.

## **3. Orientering om organisering av kommunale føretak**

Astrid Eidsvik orienterte om at ho legg fram ein sak for Fellesnemnda om 14.2.2019 om dei formelle og praktiske sidene ved å etablere kommunale føretak i perioden før ny kommune er etablert. Ho har fått ei juridisk utgreiing av moglegheitene for dette. Etter behandlinga av saka i Fellesnemnda vil det vere mogleg å vere meir konkret på vidare prosess knytt til organiseringa av dei kommunale føretaka. Ein håper med dette å kunne samkjøre plassering av stillingar etter bemanningsplanane både i kommune og kommunale føretak.

*Referent:*

*Magne Karlsen*